

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 29.06.2014

Høyringsuttale Matlandselva kraftverk, Fusa kommune, Hordaland

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) er sterkt skeptisk til at Fusa kommune og Matland Kraftverk AS skal få konsesjon til å byggje ut Matlandselva og regulere Hafskorvatnet i Fusa kommune, Hordaland. Dette vert grunnngjeve med følgjande:

Bakgrunn og hydrologi

Fusa kommune og Matland Kraftverk AS ønskjer å byggje eit vasskraftverk i Matlandelva i Fusa kommune, Hordaland. Kraftverket vil produsere frå eit nedbørsfelt på 5,35 km² og utnytte eit fall på 256 meter og produsere om lag 10,86 GWh årleg. Ein viktig motivasjon for utbygginga er å redusere kostnadane ved Nore Fusa vassverk som er under utbygging i dei øvre delane av elva.

Det er planlagt to alternativ for utbygginga. Begge alternativa er planlagt med inntak i Matlandselva, like nedanfor Hafskortjørna, om lag ved kote 270. Det er planlagt 1230 meter med nedgrave og delvis nedspregnd rørleidning. Kraftstasjonen er tenkt ved kote 14, like oppstraums for samlaupet med Ådlandselva. Eit trykkrøyr skal gravast ned mellom inntaket og kraftstasjonen. Langs røyrtraseen ovanfor Rv. 48 skal det etablerast skogsbilveg av klasse 3 fram til vassbehandlingsanlegget ved kote 150, delvis langs ein gamal traktorveg.

I hovudalternativet er det planlagt å nytte Hafskorvatnet som dempingsmagasin, ved å etablere ein terskel med høgde 1 meter og breidde om lag 22 meter. Dempingsmagasinet vil ha ei regulering på 1 meter heile året. Største slukeevne er sett til 165% av årsmiddelvassføring. I det andre alternativet er det ikkje tiltenkt dempingsmagasin, og største slukeevne er sett til 200% av årsmiddelvassføring.

Matlandselva har ei middelvassføring på 780 l/s nedanfor inntaket og ei restvassføring på 219 l/s nedanfor. Det er planlagt ei minstevassføring ved inntaket lik 5-persentilen, dvs. 55 l/s i sommarmånadene (mai-september) og 41 l/s resten av året. Vassføringa vil vera lik minstevassføringa mesteparten av året bortsett frå korte periodar om vinteren i våtår, men varierer frå 95% reduksjon ved inntaket til 70% ved kraftstasjonen på grunn av restvassføringa.

Utbygginga vil påverke raudlisteartar, terrestrisk miljø, akvatisk miljø, friluftsiinteresser og kulturminner, og den samla belastninga går i negativ retning.

Biologisk mangfald

Raudlista artar:

I influensområdet er det funne 9 raudlista artar. Desse er strandsnipe (NT), flommose (VU), kystfloke (VU), kystskeimose (VU), kystkorallav (NT), praktlav (VU), blomsterstry (VU) og kastanjestilkkjuka (VU). I tillegg er det funne ål (CR) i vassdraget i 1989, førekomst i dag er ukjend. Med unntak av strandsnipa, som er funne ved Hafskorvatnet, og blomsterstry, som er funne i den planlagde røyrtraseen, er alle artane funne ved Matlandselva. Strandsnipe er registrert med hekking ved Hafskorvatnet, og er særleg sårbar for forstyrringar i hekkeperioden. Ved etablering av røyrtraseen vil det blir gjennomført sprenging av grøft over store delar av traseen, samt at traseen må ryddast for skog i ei breidde på 15-20 meter.

Lavartar er seintveksande organismar, som oftast med ei generasjonstid på over 30 år, og er svært ømfintlege for forureining. Blomsterstry, som ofte er knytt til gamle lauvtre, er spesielt sårbar for hogst. Sjølv om søknaden spesifiserer at funnstaden er kjend og at det kan takast omsyn ved plassering av røyrtraseen, er det stor fare for at arten finst andre stadar i området, då den er ein utprega trekroneart som kan vere svært vanskeleg å oppdage frå bakken. For alle dei tre raudlista moseartane (flommose, kystskeimose og kystfloke) kan redusert vassføring i elva vere kritisk. Det er planlagt ei minstevassføring i elva for å sikre biologisk mangfald, men det er usikkert om denne er tilstrekkeleg for å oppretthalde tilfredsstillande levevilkår for dei tre raudlista moseartane. Risikoen for at desse artane vil forsvinne ved utbygging av vasskraftverket er til stades. I NNI-rapport 267 blir konsekvensane for mosesamfunnet ved ei utbygging sett til *middels til stor negativ konsekvens*. NVH minnar om føre-var-prinsippet og påpeikar at spesielt førekomsten av flommose er verdifull, då arten har relativt stor førekomst langs elva.

Raudlista naturtypar: Matlandselva er i seg sjølv ein truga naturtype, elveløp, som har status som NT i raudlista for naturtypar av 2011. Grunngevinga for denne raudlistinga er det store omfanget av negative påverknadar nasjonalt, og Hordaland er ikkje eit unntak.

Ved etablering av Nore Fusa vassverk er belastninga på elveløpet allereie auka, og området er såleis meir sårbart for utbygging av vasskraft.

Funna av raudlista artar og naturtypar er sett til å samla ha middels til stor verdi. Ut frå planlagde avbøtande tiltak er verknaden av utbygginga sett til å vere middels negativ. For at denne vurderinga skal vere rett er det viktig at dei avbøtande tiltaka, som periodisk kunstig flaum, ikkje blir synda mot. NVH ser det også som naudsynt at røyrtraseen vert grundig gjennomgått før eventuell trefelling for å sikre at det ikkje førekjem underrapportering av truga artar, som t.d. blomsterstry.

Akvatisk miljø

Hafskorvatnet er eit populært område for fritidsfiske. Vatnet er tidlegare beskrive som habitat for tett aurebestand med gode gyteforhold i innlaupselva. Aure og mange vakande fisk vart observert ved alle synfaringane i 2011. Ved utbygging av vasskraftverk i Matlandselva vil vassføringa mellom inntaket og kraftstasjonen bli kraftig redusert. Dette vil truleg redusere populasjonane for akvatiske insekt og andre virvellause dyr, og det kan ventast at nokre artar av botndyr vil forsvinne frå elva, særleg blant dei største artane. Desse vil kanskje bli erstatta av mindre artar. Eit slikt skifte i botndyrfaunaen kan vere uheldig både for aure og strandsnipe, som driv næringsøk på desse artane, og særleg for eventuelle førekomstar av fossefall.

Hafskorvatnet og Matlandselva gir inntrykk av over middels god vasskvalitet, blant anna basert på artane som er knytt til vassdraget. Verdien av det akvatiske miljøet blir i NNI-rapporten vurdert til å ha middels til stor verdi.

Øvrig biologisk mangfald

Det er ikkje påvist fossefall i influensområdet, men det er likevel stor sjanse for at arten finst. Dette grunnast med at influensområdet er ein godt eigna habitat (leveområde) for fossefalle, og at feltarbeidet er utført på frå mai til august, noko som normalt er etter hekkeperioden for fossefall i våre deler av landet. Fossefalle livnærer seg på ferskvassdyr, og har ein klar preferanse for større artar. Ein reduksjon av vassføring i elva vil truleg gi eit skifte mot mindre artar av ferskvassdyr, noko som er uheldig for eventuell førekomst av fossefall. Like SV for Hafskorvatnet er det tidlegare registrert spellass for storfugl. Storfugl er spesielt sårbar for forstyrringar i leikperioden.

Mange av funna under feltarbeidet er nye for regionen. Flommose er funne med relativt stor utbreiing langs Matlandselva. Denne lokaliteten og eit nyleg funn av flommose ved Koldalsfossen (Eikelandssosen) er første registrering av flommose i Fusa kommune. Kystskeimose, som er funne langs elva, er for første gong registrert utanfor Rogaland fylke. Sviknotten atrichopogon sp er første funn innanfor si slekt i Noreg. Alle desse artane er truleg underrapporterte og finnes fleire stadar enn der dei er formelt registrert. Likevel skal ein ta omsyn til at dette er eit relativt høgt tal av nye artar for regionen, og at mange andre ferskvassområder i regionen også er undersøkt for biologisk mangfald, utan at desse artane er registrert.

I NNI-rapport 267 blir det akvatiske miljøet i vassdraget omtala som «Vassdragets samlede verdi for biologisk mangfold vurderes til nivå middels til stor verdi i et nasjonalt perspektiv».

Friluftsliv og landskap

Hafskorvatnet er eit populært fiskevatn og blir rekna som lokalt viktig for fritidsfiske. Vegen til Hafskorvatnet og området rundt er mykje brukt som turområde. Lokale aktørar, som t.d. frivillighetssentralen, arrangerer tidvis turar i

området. Ved Hafskorvatnet ligg det også fleire hytter, hovudsakleg privateigde. Særleg dei øvre og midtre delane av Matlandselva er viktige turområder med gode kvalitetar. Mykje av områdetets kvalitetar som turområdet er knytt til intakt natur. Regulering av Matlandselva og etablering av røyrtraseen vil forringe dette. Området Hafskorvatnet - Bogaskardet er klassifisert som viktig av Hordaland Fylkeskommune. Utbygging av vasskraftverk i Matlandselva vil forringe verdiane av friluftslivet, både ved direkte inngrep og som følgje av at heilskapen er eit viktig element i naturopplevingar og friluftsliv. I arealdelen av kommuneplanen for Fusa kommune er influensområdet klassifisert som LNF-område.

Samla belastning

I Fusa kommune er det frå før mange små og mellomstore kraftverk som har fått konsesjon eller har søkt om konsesjon dei siste åra, særleg etter at ordninga med grøne sertifikat blei innført. Dei 7 kraftverka som har fått konsesjon, utgjer til saman 46.7 MW med ein årleg produksjon på 112 GWh. Matlandselva med 2.55 MW og 10.86 GWh utgjer ein relativt liten tilleggsproduksjon, der skadene på naturmiljøet ikkje står i noko forhold til gevinsten i form av kilowatt.

Konklusjon

NVH meiner at det sikre og potensielle negative konsekvensane av ei utbygging av vasskraftverk i Matlandselva er for store til at ei utbygging, slik den føreligg i søknaden, kan forsvarast. Området er allereie under press som følgje av etableringa av Nore Fusa vassverk, noko som gjer området ekstra sårbart for nye utbyggingar. Området har status som LNF-område og har til dels gode kvalitetar for friluftsliv.

Ein relativ høg førekomst av raudlista artar, samt artar som ikkje er typiske for regionen, bør vege sterkt mot ei utbygging. Desse artane er knytta til elveløpet, som i seg sjølv er ein raudlista naturtype. Dei avbøtande tiltaka er etter vårt syn ikkje tilstrekkelege til å bøte på dei negative konsekvensane.

Når det gjeld samla belastning for alle dei 12 omsøkte kraftverka i Kvam, Fusa og Samnanger kommunar, så viser vi til felles uttale frå Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Hordaland.

For Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme
Leiar

Siri Vatsø Haugum
saksbehandlar

Kopi til

- Miljøverndepartementet, 8013 Dep, 0030 Oslo
- Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo
- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, Postboks 7310, 5020 Bergen